- 2.2 *Utnyttingsgraden i område II skal ikkje overstige 0,6. Byggehøgde skal ikkje overstige 8 m. Før utbygging av området skal det føreligge ein plan for dei ulike byggestega til godkjenning i bygningsrådet.*
I byggeområda I2 (2-6) skal bebygd areal (BYA) skal ikkje overstige 25 % av arealet avsett til byggeområde. Gesimshøgde for hovudbygningvolum skal ikkje overstige 9,0 m over ferdig planert terreng. Mindre deler av takflater kan godkjennast med høgare utforming dersom dette kan dokumenterast med grunnlag i gode arkitektoniske kvalitetar. Ubebygde areal på dei einskilde eigedomene i byggeområdet skal gjevast ei tiltalende utforming. Gjerder høgre enn 2,0 m skal godkjennast av kommunen.
- 2.3 Ved utbygging av områda skal bygningsrådet vurdere om det må utformast isolasjonssoner mot ikringliggjande areal og mellom de i interne areala. Desse sonene kan ikkje byggast på eller nyttast til lagring.
- 2.4 Med søknad om byggetillatelse skal det fylgje med ein plan som syner korleis tomtane skal utnyttast. Byggehøgde og utnyttingsgrad på tomtane skal i kvart einskild høve avgjerast av bygningsrådet. I planen skal det synast tilkomst og parkeringsplassar, areal for av- og pålessing, lager areal og areal for byggeutviding. All parkering og av- og pålessing skal kunne skje på eigen grunn.
I områda I2 (2-6) kan det tillatast at areal utanfor byggegrenser vert nytta til mindre bygg for tekniske anlegg o.l. dersom dette ikkje medfører trafikkfarlege tilhøve eller på annan måte er til ulempe for omgjevnadane. Ved opparbeiding av deler av eller heile byggeområdet, skal det utarbeidast situasjonsplan over heile eigedomen som tiltaket gjeld. Planen skal samsvare med reguleringsplanen og vise tomtegrenser, tilkomsttilhøve, murar, gjerder, areal for parkering, av- og pålessing, lagerareal, beplanting og terrengmessig handsaming med tilfredstillande detaljert høgdefastsetting. Situasjonsplan skal godkjennast av kommunen.
Alle bygningar skal gjevast god form der fasadar, fasadeelementet, inndeling av vindauge og synlege materialer harmonerer med omgjevnadane. Det skal i denne samanheng leggjast vekt på at byggeområdet får ein heilskapleg karakter. Det skal leggjast vekt på at fargebruk vert tilpassa nabobygningar. Ved søknad om byggeløyve skal det for kvar enkelt prosjekt framleggast farge- og skiltplan (utforming/plassering) for bygning som skal godkjennast av kommunen. Det kan ikkje nyttast utvendig kledning eller takteking som i materialval og fargebruk verkar

dominerande (gjev signaleffekt) eller er skjemmaende for omgjevnadane. Materialbruken skal vere med på å gje området ein samanhengande heilskap, og skal også inkludere evt. synlege takflater.

Parkeringsdekninga i området I2 skal vere: 1 biloppstilling pr. 75 m2 brutto etasjeareal.

- 2.5 Alle bygg skal plasserast innanfor byggegrensene som er vist på planen.
- 2.6 Ved opparbeiding av området I2 skal tilhøva leggest til rette for dreneringssystem (kanal/rør) som gjer det mogleg å senke vasstanden i dei to vatna i områda J1 og J3 med inntil 2m.
- 2.7 *Planert areal i byggeområda I2 skal i utgangspunktet samsvare med retningsgjevande kotehøgder påført plankartet. Beplantningssoner skal innarbeidast mot fjellskjæringar på området. Skråningar og fyllingar skal tilsåast og tilplantast. Murar og skjæringar skal sikrast med gjerder eller andre nødvendige sikringstiltak. Ubebygde areal på dei einskilde eigedomene i byggeområdet skal gjevast ei tiltalende utforming. Gjerder høgre enn 2,0 m skal godkjennast av kommunen.*
- 2.8 *I samband med oppføring av nye bygningar i områda I2 skal tilstøytande uteareal i størst moglege grad opparbeidast samstundes med at bygningane vert oppført.*
- 2.9 *For områda I2 skal evt. lagerrom for buss primært plasserast i bygningsmassen. Evt. bygningar for trafo- og kommunaltekniske anlegg skal kunne oppførast på området, og fortrinnsvis innanfor bygg-grensene, jmf. for øvrig pkt. 2.21.*
- 2.10 *Over område I2-5 til område I2-6 skal det kunne opparbeidast tilkomstveg. Tinglyste rettar som sikrar tilkomstvegen skal føreligge før desse to delområda kan takast i bruk.*
- 3.0 Almennyttig føremål.
- 3.1 I område A kan det berre oppførast bygg som vert nytta til forsamlingshus/ungdomshus.
- 3.2 Utnyttingsgraden i området skal ikkje overstige 0,15. Bygghøgde skal ikkje overstige 8.0 m.
- 3.3 På arealet skal det til ei kvar tid vere opparbeidd parkeringsplassar som dekker behovet i tilknytning til bruken. Antalet plassar skal fastsettast av bygningsrådet.
- 3.4 Bygg skal oppførast innan for dei regulerte byggegrenser.

B LANDBRUKSOMRÅDE.

- 4.0 Jordbruksføremål.
- 4.1 Området regulert til jordbruk skal nyttast til tradisjonell jordbruksdrift. Bygningar i tilknytning til jordbruk kan oppførast i området.
- 4.2 Sør for Storevatnet skal det vere ope for fri ferdsle etter gangsti mellom friluftsområde F1 og køyrevegen til industriområdet.
- 4.3 Det skal vere tillete å senke vasstanden i vatna i områda J1 og J3 med inntil 2m. Før dette vert gjort skal det utarbeidast plan for senkinga som skal godkjennast av landbruksnemnda og bygningsrådet.

C. TRAFIKKOMRÅDE.

- 5.0 Trafikkføremål.
- 5.1 Trafikkområdet skal opparbeidast med den inndeling av køyreveg og fortau/gangveg som er vist på planen.
- 5.2 Trafikkområdet skal utformast etter data påført planen.

Fyllinger og skjæringer i tilknytning til trafikkfremål skal kunne først inn på tilstøytende areal etter godkjenning i bygningsrådet.

- 5.3 Område T1 skal nyttast til kai. Det kan oppførast bygg som har tilknytning til bruken av arealet på området etter godkjenning av bygningsrådet. *Kai skal opparbeidast som vist på plankartet. Tilkomstveg til områda I2-5 og I2-6 over kaiarealet skal tillatast. Utforming og plassering av tilkomstvegen skal godkjennast av kommunen.*
- 5.4 Området T2 skal nyttast til garasje for større køyrety. Utnyttingsgraden skal ikkje overstige 0,2 og største tillate byggehøgnd skal vere 5,0 m.
- 5.5 *Gbnr 52/4 skal nytte felles avkjørsel med gbnr. 52/24, og er tillate over området for gang- og sykkelveg. Avkjørsel med frisktsoner skal søkast om samstundes med søknad for bustadhus.*

D. FRIOMRÅDE..

- 6.0 Friareal F2.
- 6.1 Friområdet F2 skal nyttast til idrettsbane med tilhøyrande anlegg. Bygg i tilknytning til idrettsfremål kan oppførast etter godkjenning av bygningsrådet.
- 6.2 På arealet skal det opparbeidast parkeringsplassar som dekkar behovet ved dei ulike byggesteg av anlegget. Antalet skal fastsettast av bygningsrådet ved kvar utviding av anlegget.
- 6.3 Lengst vest skal det opparbeidast gang/sykkelveg mellom felt B4 og tilkomstvegen til idrettsbana.

E. SPESIALOMRÅDE.

- 7.0 Friluftareal.
- 7.1 Innan friluftsområde kan det oppførast bygningar og andre anlegg som har tilknytning til bruken av området. Slike bygningsmessige tiltak skal godkjennast av bygningsrådet. *Kommunen kan tillate at det vert etablert grøftetrasear over friluftareala under føresetnad at av terreng og beplantning i størst mogeleg grad vert tilbakeført til opprinneleg kvalitet.*

8.0 GENERELT.

- 8.1 *Innanfor areal avsett til frisktzone skal anlegg/beplantning ikkje overstige ei høgd på 0,5 m over tilstøytande vegareal. Trafikkskilt er unnateke.*
- 8.2 Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld bygningslova, vedtekter for heradet til denne lova og byggeføresegnene utferdiga av departementet.
- 8.3 Etter at desse reguleringsføresegnene er gjort gjeldande, er det ikkje tillate ved privat servitutt å opprette tilhøve som strir med reguleringsplanen eller føresegnene til denne.
- 8.4 Innanfor ramma av bygningslova, vedtekter for heradet til lova og byggeføresegnene utferdiga av departementet, kan bygningsrådet gje løyve til unntak frå desse føresegnene når særlege grunnar talar for det.



Flora Kommune

Føresegner

Plan:	Planid: 20160109		
Detaljreguleringsplan – Kvalvik/Eikefjord sentrum – GBnr 52/59, 63, 194 mfl – veg og teknisk infrastruktur	Arkiv nr.: 16/1824		
Utarbeidet av: Flora kommune	Dato: 16.05.2017		
Revisjon i prosess: Endringar etter høyring 22.01.2018 og 25.01.2018			
Vedtak/stadfesting: 13.02.2018			
Avskrift:	Sign.kontroll: PDS		
Endringar:	Saknr.	Dato:	Sign:

1. Føremålet med planen

Føremålet med reguleringsplanen er å anlegge gang- og sykkelveg langs fylkesveg 542/Hovlandsvegen og utbetre fylkesvegen til dagens standard frå riksveg 5 i vest, til Eikefjord sentrum i aust. Hensikta er å skape ein trygg og trafikksikker forbindelse for mjuke trafikantar spesielt for barn og unge som har dette som skuleveg. Dette sikrar trygge forbindelser for dei mjuke trafikantane mellom bustader, skule, leik, idrettsområdet og turområder. I tilknytning til dette vil også teknisk infrastruktur og eksisterande veg utbetrast.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Universell utforming

2.1.1 Gang- og sykkelveg skal vere utforma slik at alle skal kunne nytte dei på ein likestilt måte, utan spesiell tilpassing eller hjelpemiddel.

2.2 Estetisk utforming

2.2.1 Terrenngrep skal i størst mogeleg grad ta omsyn til viktige landskapstrekk, og ikkje bryte med viktige silhuetar i landskapet.

2.2.2 Alle synlege fyllingar og fyllingskantar skal som hovudregel murast med stein, eller jordslåast. Der det kan dokumenterast at det ikkje er plass til natursteinsmur, kan mur byggast i betong.

- 2.2.3 Bygg, anlegg og uteområde skal tilfredsstillende rimelege omsyn til estetisk godt uttrykk både i seg sjølv og i forhold til omgjevnadene. Tiltak i planområdet skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og med respekt for omgjevnadene.
- 2.2.4 Byggverk (bygg og tekniske anlegg som t.d. vegar) og offentlege uterom skal ha arkitektonisk kvalitet. I dette ligg at det skal vere kvalitet både teknisk, funksjonelt og visuelt.

2.3 Terrenghandsaming

- 2.3.1 Det skal leggest vekt på god terrenghandsaming ved plassering og utforming av veganlegg. jfr. punkt 2.2.

2.4 Automatisk freda kulturminne

- 2.4.1 Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Sogn og Fjordane fylkeskommune ved Kulturavdelinga dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.

2.5 Handtering av overvatn

- 2.5.1 I samband med detaljprosjektering skal handsaming av overflatevatn ta høgde for framtidig auke i nedbør. Detaljprosjektering skal og sørge for at ein får tilfredstillande løysingar for overflatevatn heilt til sjø.

2.6 Miljøkvalitet (§ 12-7 nr. 3)

- 2.6.1 Grenseverdiar for støy skal overhaldast ved nye tiltak i område for bustader. Krav i Miljøverndepartementets "Retningslinjer for støy i arealplanlegging, T-1442" skal leggest til grunn. Med veg som støykjelde skal følgjande verdiar stettast: 55 dB L_{den} på uteplass og utanfor rom med støyfølsam bruk og 70 dB L_{5af} utanfor soverom natt kl. 23-07.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§12-5 nr.1)

Føremål som omfattast av bygningar og anlegg (§12-5 nr.1) ligg under føresegnsområde anlegg og riggområde (§12-7). Områda kan nyttast til dei einskilde føremåla, men det er ikkje tillate å oppføre bygg eller andre installasjonar i desse områda. Unntaket for dette er på gbnr 53/29 der det er lagt inn byggegrensa mot vegareal. På denne eigedomen kan det oppførast bygg innanfor byggegrensa.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5 nr.2)

Ved byggesøknad skal køyreveg, fortau, gang- og sykkelveg, parkeringsareal og anna vegg grunn detaljprosjekterast. Det er høve til justeringar mellom dei ulike trafikkformål, dersom ein gjennom detaljklarar i prosjekteringa finn løysingar som gir mindre inngrep, mindre arealbehov eller betre trafikkale løysingar. Vurdering av naudsynte sikringstiltak, inngår i prosjekteringa.

3.2.1 Veg og køyreveg

- a) Areal til køyreveg omfattar både køyrebane og vegskulder.
- b) Hovlandsvegen og fylkesveg 542 skal ha høgder og vertikalkurvatur som vist i lengdeprofil vedlagt planen. Høgdene kan endrast med inntil 0.5 m utan at det er å rekne som avvik frå desse føresegnene.
- c) Privat køyreveg (p_kV) er nye eller eksisterande felles og private tilkomsvegar/avkøyrslar i samsvar med eksisterande arealbruk/vegrett og med endringar som følgjer av desse føresegnene og/eller plankartet. Dersom det gjennom grunntingingar vert avtalt å slå saman mindre private avkøyrslar, kan dette handsamast som mindre endring av reguleringsplan.
- d) Avkøyrslar markert med pil kan justerast i samband med detaljprosjektering.

3.2.2 Bruer

- a) Dei tre bruane er planlagt som ett-spenns plasstøpte rammekonstruksjonar i betong. Vingemurar skal byggast med naturstein og leggst parallelt med overliggande veg. Alle bruane skal sålefundamenterast på fast berg og forankrast med bergbolter.
- b) Støttemurane til bruane skal utførast som tørrmurar kor murfronten skal oppførast med ei helling på 4:1 i heile murens lengde. Det kan vurderast å benytte jordarmering for å redusere murtykkelsen. Tilbakefyllingsmassar må vere av sprengstein, knust fjell. Sjå "forprosjekt bruer" for utfyllande detaljar.

3.2.3 Gang-/sykkelveg og fortau

- a) Gang- og sykkelvegane og fortauet er offentlege.
- b) Gang- og sykkelvegar og fortau skal så langt det er mogleg tilfredsstillende krava til universell utforming.

3.2.4 Anna veggrunn – tekniske anlegg/grøntareal

- a) Anna veggrunn – tekniske anlegg omfattar areal tilhøyrande veganlegg for rekkverk, grøfter, skråningar, fjellskjeringar, mur osv. Innafor området kan det og leggst kommunalt VA-anlegg. Skråningsarealet skal dekkast med jord etter inngrep og tilsåast med stadeigne plantar. Med unntak av bruane skal helling for mur i naturstein vera 3:1.
- b) Ved avkøyrslar og kryss skal det takast omsyn til fri sikt ved utforminga av areala.
- c) I område mellom gbnr. 53/15 og 53/37 skal det etablerast tilkomstveg til bustadene. Nøyaktig plassering av tilkomsten skal skje gjennom detaljprosjektering.
- d) I områda kan det plasserast kommunaltekniske anlegg – t.d. pumpestasjonar. Anlegga må ikkje vere i konflikt med sikringssonar for friskt.
- e) Opparbeiding av sideareal/rabattar skal fullførast samstundes med resten av veganlegget.
- f) Gatelys og innsynskjermer kan settast opp inntil 0 meter frå eigedomsgrænse og i formålsgrense.

3.2.5 Kollektivhaldeplass/kantstopp

- a) Kollektivhaldeplassane/kantstoppa skal tilfredstille standard for universell utforming.
- b) I utvida område ved avmerka kollektiv-haldeplassar (kantstopp for buss) kan det oppførast busstur.

4. Føresegner til omsynssover (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

- 4.1.1 Mellom frisiktlinje og køyrebanekant/gangvegkant skal det ikkje vere noko som hindrar sikt mellom dei aktuelle vegane, med unntak av dei tre plassane siktlinje kjem over rekkverk ved bru. Det skal vere fri sikt minst ned til 0,5 m over vegplanet på tilstøytande veg.
- 4.1.2 Det tillates enkeltstolper (skilt, lyktstolper og liknande) eller enkelttrær med høg oppstamming innanfor omsynssover frisikt. Kommunen og Statens vegvesen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna.

4.2 Stormflo

- 4.2.1 Nivå for stormflo ligg på kote 3 (NN2000) i tryggleiksklasse F3. Tiltak innanfor sona for flaumfare må dimensjonast slik at dei toler stormflo og bølgepåverknad. Før iverksetting av tiltak innanfor sona må det kunne dokumenterast at tiltaket er dimensjonert i samsvar med tryggleiksklassen som gjeld for tiltaket, jfr. TEK10 § 7-2.

4.3 Anlegg og riggområde (område #1 - #24)

Område #1 – #24 er midlertidig anleggsområde, der det i anleggsperioden for bygging av veganlegg/tekniske grøfter i vegområdet, er tillate å nytte området til anleggsverksemd. Områda er regulerte til ulike føremål i samsvar med bruken i dag. Ved avslutting av anleggsarbeidet, skal området ryddast og ordnast til slik at det framstår med same kvalitet som området hadde før anleggsarbeidet starta, med føremål som vist på plankart. Når anleggsperioden er avslutta, fell denne føresegningsområde bort, og skravur på plankart skal fjernast.

5. Rekkjefølgeføresegner

5.1 Krav til oppstart

- 5.1.1 Ved oppstart av detaljprosjektering, skal det i samråd med Flora kommune vurderast om det er tenleg å samkøyre veganlegget med nytt VA-anlegg for området.
- 5.1.2 Før arbeid med anlegget tek til skal køyreveg, fortau, anna veggrunn og støytiltak detaljprosjekterast i samsvar med krav i handbok N100. Vurdering av naudsynte sikringstiltak skal inngå i detaljprosjekteringa. Det er høve til justeringar i prosjekteringa dersom ein gjennom detaljvklaringar i prosjekteringa finn løysingar som gir mindre inngrep, mindre arealbehov eller betre trafikkale løysingar.
- 5.1.3 Detaljprosjekteringa skal og utførast på ein måte som tilfredstiller landskaps- og naturverdien av elveosen.

- 5.1.4 Ved detaljprosjektering og bygging av vegen skal hammar inntil vegen på vegstrekinga mellom brua og Hovlandselva og Eikefjord skule sikrast mot steinsprang som ein del av vegprosjektet.
- 5.1.5 Ved detaljprosjektering og bygging av vegen skal eksisterande flaumforebygging i Hovlandselva utbetrast slik at flaumvatn ikkje kjem ned hammar inntil vegen på vegen på vegstrekinga mellom brua over Hovlandselva og Eikefjord.
- 5.1.6 Før det kan fyllast i sjø må det ligge føre løyve etter Hanme- og farvasslova.

5.2 Krav til utbyggingsrekkefølge

- 5.2.1 Nye avkøyrslar /tilkomstvegar skal etablerast samstundes med bygging av gang- og sykkelveg GS og køyreveg KV1 (fylkesveg 542). Etablering av frisiktsone er ein del av dette arbeidet.
- 5.2.2 Ved framføring av tekniske grøfter, kabelgrøft eller liknande i planområdet før gang- og sykkelveg GS kan etablerast, skal avkøyrslar og tilkomstvegar ferdigstillast samstundes med grøfteanlegga. Arbeid for grøfteanlegga skal omfatte komplett sprengningsarbeid og inngrepstiltak langs nord- og sørsida av KV1 (fylkesveg 542) i høve til planlagt veganlegg. Anleggsarbeid i anleggssone #1-#20 langs nord- og sørsida av KV1 skal ferdigstillast samstundes med ferdigstilling heile vegprosjektet.

Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i planføresegnene, til dømes illustrasjonsplan eller geoteknisk rapport, skal listast opp her med namn, dato og eventuelt rapportnummer.

- Asplan Viak, 26.01.2017, Skredfarevurdering Eikefjord
- Sunnfjord Geo Center, 03.11.2017, Geoteknisk forundersøking
- Asplan Viak, 15.12.2017, Forprosjekt bruer




Kinn kommune

Kommuneplankart

Eiendom: 52/70/0/3
Adresse: Hovlandsvegen 28C
Utskriftsdato: 13.05.2026
Målestokk: 1:2000



UTM-32









©Norkart 2026







Kartet er produsert fra kommunens beste digitale kartbaser for området og inneholder viktige opplysninger om eiendommen og området omkring. Presentasjonen av informasjon er i samsvar med nasjonal standard.
Kartet kan inneholde feil, mangler eller avvik i forhold til kravene i oppgitt standard.
Kartet kan ikke benyttes til andre formål enn det formålet det er utlevert til uten samtykke fra kommunen jf. lov om åndsverk.

Tegnforklaring





Kommuneplan-Hensynsoner (PBL2008 §11-)

-  Detaljeringszone-Reguleringsplan skal fortsatt
-  Faresone - Ras- og skredfare
-  Faresone - Ras- og skredfare
-  Angitthensynszone - Bevaring naturmiljø
-  Faresone - Høyspenningsanlegg (ink høysper
-  Faresone - Høyspenningsanlegg (ink høysper

Kommuneplan-Linje- og punktsymboler(PBL

-  Angitthensyngrense
-  Angitthensyngrense
-  Detaljeringgrense
-  Faresone grense
-  Faresone grense
-  Byggegrense



Kommuneplan-Begyggelse og anlegg (PBL2

-  Boligbebyggelse - nåværende
-  Boligbebyggelse - fremtidig
-  Tjenesteyting- fremtidig
-  Idrettsanlegg - nåværende


Kommuneplan-Samferdselsanlegg og teknis

-  Veg - nåværende

Kommuneplan-Landbruk-,natur- og friluftsf

-  LNFR-areal - nåværende
-  LNFR-areal - nåværende

Kommuneplan-Bruk og vern av sjø og vass

-  Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøren

Felles for kommuneplan PBL 1985 og 2008

-  Planområde
-  Planområde
-  Planens begrensning
-  Planens begrensning
-  Grense for arealformål
-  Grense for arealformål
-  Hovedveg - nåværende
-  Samleveg - nåværende
-  Adkomstveg - nåværende
-  Gang-/sykkelveg - fremtidig
-  Turveg/turdrag - nåværende
-  Småbåttled - nåværende
-  Påskrift områdenavn
-  Kommune(del)plan - påskrift



FLORA KOMMUNE

Føresegner og retningslinjer
Kommunedelplan for Eikefjord

2014 – 2026

**Etter vedtak
Bystyret 04.11.14**

Innholdsliste

1. Innleiing.....	3
1.1 Verknader av planen (pbl §§ 11-5 og 11-6).....	3
1.2 Tilhøvet til eksisterande planar (pbl § 1-5).....	3
1.3 Føresegner og retningslinjer si oppbygging og struktur.....	3
2. Generelle føresegner	3
2.1 Plankrav (pbl § 11-9 nr. 1)	3
2.2 Utbyggingsavtalar (pbl § 11-9 nr. 2).....	4
2.3 Energi (pbl § 11-9 nr. 3 og nr. 8).....	4
2.4 Vassforsyning og avlaup (pbl § 11-9 nr. 3)	5
2.5 Veg og transport (pbl § 11-9 nr. 3).....	5
2.6 Rekkefølgjekrav (pbl § 11-9 nr. 4).....	5
2.7 Byggjegranser mot sjø og vassdrag (pbl § 11-9 nr. 5).....	6
2.8 Universell utforming (pbl § 11-9 nr. 5).....	7
2.9 Omsyn til barn og unge sine interesser (pbl §§ 1-1, 11-9 nr. 5 og nr. 8).....	7
2.10 Krav til leikeareal (pbl § 11-9 nr. 5).....	8
2.11 Parkering (pbl § 11-9 nr. 5).....	9
2.12 Klima (pbl § 11-9 nr. 6)	10
2.13 Estetikk og arkitektur (pbl § 11-9 nr. 6 og 7)	10
2.14 Kunst i offentleg rom (pbl § 11-9 nr. 6).....	11
2.15 Natur, landskap og grønstruktur (pbl § 11-9 nr. 6).....	11
2.16 Støy (pbl § 11-9 nr. 6)	12
2.17 Renovasjon (pbl § 11-9 nr. 6).....	12
2.18 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse (pbl § 11-9 nr. 8)	12
3. Bygg og anlegg (pbl § 11-7 nr.1).....	13
3.1 Bustader (jf. Pbl § 11-7 nr. 1).....	13
3.2 Fritidsbustader (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)	16
3.3 Sentrumsføremål (jfr. Pbl § 11-7 nr. 1)	17
3.4 Offentleg eller privat tenesteyting (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)	18
3.5 Næringsverksemd (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)	20
3.6 Idrettsanlegg (jf. Pbl § 11-7 nr. 1).....	21
3.7 Anna type bygg og anlegg (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)	21
3.8 Uteoppfallsareal (jf. Pbl § 11-7 nr. 1).....	22
3.9 Kombinert bebyggelse og anleggsformål (jf. Pbl § 11-7 nr. 1).....	22

4. Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 11-7nr.2)	23
4.1 Veg (jf. Pbl § 11-7 nr. 2)	23
4.2 Hamn (jf. Pbl § 11-7 nr. 2).....	23
5. Grønnstruktur (pbl § 11-7 nr.3)	23
5.1 Grøntstruktur.....	23
5.2 Park.....	24
6. Landbruks-, natur- og friluftsføremål (pbl § 11-7 nr.5)	24
6.1 LNF-områda	24
7. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone (pbl § 11-7 nr.6)	25
7.1 Ferdsel (jf. Pbl § 11-7 nr. 6).....	25
7.2 Småbåthamn (jf. Pbl § 11-7 nr. 6)	25
7.3 Friluftsliv (jf. Pbl § 11-7 nr. 6)	25
8. Omsynssoner (pbl § 11-8)	26
8.1 Sikringssone (jf. Pbl § 11-8 a).....	26
8.2 Rasfare (jf pbl § 11-8a)	26
8.3 Forventa havnivåstigning (jf. Pbl § 11-8 a)	26
8.4 Omsyn til landskap (jf. Pbl § 11-8 c).....	26
8.5 Omsyn til naturmiljø	26
8.6 Bevaring av kulturmiljø (jf. Pbl § 11-8 c).....	26
8.7 Reguleringsplanar som framleis skal gjelde (jf. Pbl § 11-8 f).....	27
9. Definisjonar	28
10. Anna lovverk og forskrifter som vedkjem planlegginga	30

1. Innleiing

1.1 Verknader av planen (pbl. §§ 11-5 og 11-6)

Kommunedelplanen for Eikefjord viser hovudtrekka i arealdisponeringa i grenda, samt rammer, føresetnadar og omsyn ved nye tiltak og ny arealbruk. Kommunedelplanen består av plankart, føresegner og planomtale.

Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk. Føresegnene inneheld både generelle føresegner som gjeld for fleire arealbruksføremål og særskilte føresegner knytt til det enkelte arealbruksføremål.

Ved motstrid mellom plankart og føresegner gjeld plankartet framfor føresegner.

Tiltak som ikkje er i samsvar med føresegnene og plankartet må handsamast som plansak eller dispensasjonssak med heimel i plan- og bygningslova § 19-2. Ved vurdering av dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på statlege og regionale rammer og mål, jf. plan- og bygningslova § 19-2, fjerde ledd.

1.2 Tilhøvet til eksisterande planar (pbl. § 1-5)

Kommunedelplanen med føresegner gjeld framfor eldre planar, der ikkje anna går fram av kommunedelplanen.

Godkjende reguleringsplanar som framleis skal gjelde er vist som omsynssoner H910 i plankartet, jf. pbl § 11-8 bokstav f.

1.3 Føresegner og retningslinjer si oppbygging og struktur

Tekst som ligg i grå tekstboks er juridisk bindande føresegner. Føresegnene er delt i generelle føresegner og i geografiske føresegner. Dei generelle føresegnene gjeld for alle område innanfor kommunedelplanen uavhengig av planformål. Dei geografiske føresegner gjeld for det enkelte området. Desse to delane verkar i lag. Alt som er generelt og uavhengig av føremål er samla i dei generelle føresegnene. Unntak eller tillegg kjem under dei enkelte områda.

Retningslinjer utan juridisk verknad står i kursiv utanfor grå tekstboks. Retningslinjene er rettleiande for kommunen si sakshandsaming og kan ikkje brukast som sjølvstendig grunngeving for vedtak.

2. Generelle føresegner

2.1 Plankrav (pbl § 11-9 nr. 1)

- I område avsett til bygg og anlegg jf. pbl § 11-7 nr 1 er det krav om reguleringsplan dersom det i eit tiltak skal byggjast meir enn 1000 m² nytt areal (BRA), eller ved bruksendring/ombygging av eksisterande byggareal på meir enn 500 m² (BRA).
- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 og 20-2 med mindre enn 1000 m² nytt areal (BRA) eller bruksendring/ombygging av byggareal på mindre enn 500 m² (BRA) krev ikkje ytterlegare plan, dersom det kan dokumenterast at tilhøvet til transportnett, øvrige infrastruktur og lovverk er ivareteke, og at generelle og geografiske føresegner i kommunedelplanen vert oppfylt.

- Kommunen kan, uavhengig av storleiken på tiltaket, likevel krevje utarbeiding av reguleringsplan når dette er nødvendig for å sikre forsvarleg planavklaring og gjennomføring, fleirbruk og vern i høve til råka private og offentlege interesser, jf. Pbl § 12-1.
- Alle nye offentlege vegar og gang/sykkelvegar krev detaljreguleringsplan.

Følgjande område krev utarbeiding av detaljreguleringsplan før det kan gjevast løyve til tiltak:

- Bustadføremål i felta B1 til B10.
- Sentrumsføremål i felta Se1 og Se2.
- Offentleg og privat tenesteyting, felta O1 og Ba2.
- Næringsområde i felta N1, N2 og N3.
- Andre byggeområde i felt Na1 og Na2.
- Småbåthamn Sb1 og Sb2
- Strandpromenade i GrE

Retningslinje:

- Reguleringsplanar skal utformast i samsvar med startpakke for private reguleringsplanar utarbeidd av Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane.

2.2 Utbyggingsavtalar (pbl § 11-9 nr. 2)

Retningslinjer:

- Flora kommune ønskjer å nytte utbyggingsavtale mellom utbyggjar og kommunen, jf. plan- og bygningslova § 17-2 i saker der dette er tenleg.
- Utbyggingsavtaler skal utformast i samsvar med gjeldande retningsliner for bruk av utbyggingsavtalar, jf. vedtak i bystyret 06.10.2009, sak 091/09.

2.3 Energi (pbl § 11-9 nr. 3 og nr. 8)

- I samband med regulering av byggeområde skal det for planområdet utarbeidast energiutgreiing som gjer greie for valde løysingar for fornybar energiforsyning og lågt energiforbruk. Etablering av nærvarmeanlegg skal vurderast i større bygg og byggeområde. Reguleringsplanar skal gjennom føresegner etter § 12-7 nr 8 ta stilling til spørsmål og evt. krav om vassbåren varme.
- I område med krav om reguleringsplan skal alle nybygg oppfylle krav til energikarakter B i energimerkesystemet.
- Krava i TEK 10 om energiforsyning er faste, og kommunen vil ikkje gje unntak dersom kravet fører til særlege meirkostnader over bustadbygningars livsløp.

Retningslinje:

- Der det går kraftleidningar med lågare spenningsnivå gjennom byggeområde skal jordkabel vurderast i samband med planlegging og utbygging.

2.4 Vassforsyning og avlaup (pbl § 11-9 nr. 3)

- Krav om VA-rammeplan skal inngå i alle reguleringsplanar. Rammeplanen skal vise prinsipløysingar for området, samanheng med overordna system og dimensjonere og vise handtering av overvatn.
- Overvatn skal fortrinnsvis handterast gjennom lokal infiltrasjon i grunnen og i opne vasstrengar.
- Der det kjem fram gjennom ROS analyse og KU at det er utfordringar eller at det må gjerast tiltak for å handtere overflatevann, skal dette visast spesielt i dokumentasjon til reguleringsplan eller byggesak.

Retningslinje:

- Kommunen sin VA-norm skal leggjast til grunn for arealplanar og søknad om tiltak.

2.5 Veg og transport (pbl § 11-9 nr. 3)

- Alle nye offentlege vegar og gang/sykkelvegar krev detaljreguleringsplan.
- Det skal leggjast til rette for god intern gang- og sykkeltransport, med samband til kollektivpunkt.
- For område avsett til sentrumsformål, tenesteyting og næring skal det dokumenterast tilfredsstillande forhold for varelevering og transport.
- Tilkomstveg til bygningar skal vere planlagt med omsyn til samfunnstryggleik og sivilt beredskap, og i samsvar med krav sett i teknisk forskrift.
- Statens vegvesen sine vegnormalar (handbok N100) skal leggjast til grunn for dimensjonering og val av løysingar i arealplanar og søknad om tiltak for offentlege vegar.

Retningslinje:

- I all detaljplanlegging skal god samanheng knytt til kollektivtransport/busstrasear, sykkelvegnett, grønstruktur, turvegar, grønne gangvegar og skuleveg vektleggast.

2.6 Rekkefølgekrav (pbl § 11-9 nr. 4)

- I område avsett til bygg og anlegg jf. pbl § 11-7 nr 1. kan det ikkje gjevast løyve til tiltak før infrastruktur er sikra etablert og det er dokumentert at moment som er evt. er avdekka i ROS-analyse er tekne omsyn til.
- Ved tiltak i sjø, skal det gjerast undersøkingar kring mogleg ureina grunn i samband med regulering eller byggesak.
- Kommunen skal kunne vurdere konsekvensane av reguleringsplanar for bustader når det gjeld kapasitet på skule- og barnehage. Dersom kommunen ikkje finn akseptable løysningar kan ikkje reguleringsplanen bli godkjent.
- Før det vert gjeve løyve til igangsetting av tiltak må følgjande vere etablert:

- kommunaltekniske anlegg, vassforsyning og avlaup
- el-forsyning
- trafiksikker tilkomst for køyrande, syklande og gåande.
- Når det gjeld fortetting i eksisterande byggeområde kan, dersom ikkje noka anna tilseier det, gjeldande infrastruktur nyttast.
- Før det vert gitt bruksløyve etter plan- og bygningslova § 21-10 for nye bustader/bustadområde må følgjande vere etablert:
 - leikeplassar og andre felles uteområde
 - fortau/gang- og sykkelveggar i samsvar med reguleringsplan evt. vilkår i ramme – eller dispensasjonsvedtak.
 - fortau/gangveg langs fylkesveg og kommunal veg fram til tilfredstillande infrastruktur for gang/sykkel.
- Nye byggeområde kan ikkje takast i bruk før tilstrekkeleg sløkkjevasskapasitet er etablert.
- Dersom det kan dokumenterast at intensjonane i rekkefølgjekrava blir oppfylt på andre måtar enn det som er skildra her, kan kommunen vurdere å godkjenne planar og tiltak med utgangspunkt i denne dokumentasjonen, utan at det må søkast om dispensasjon frå krav sett i kommunedelplanen.

Retningslinje:

- Ved all planlegging og løyver etter PBL skal kommunen ha fokus på rekkefølgjekrav andsynes tryggleik og beredskap, slik at førebygging av evt. risiko også blir vurdert utover sjølve tiltaket.

2.7 Byggjegranser mot sjø og vassdrag (pbl § 11-9 nr. 5)

- Tiltak etter pbl § 1-6 1. ledd, med unntak av fasadeendringar, kan ikkje gjerast nærare sjø enn følgjande avstand frå strandlinja, målt i horisontalplanet ved alminneleg høgvasstand, jf. pbl §§ 1-8, 2. og 3. ledd og 11-11 nr. 5:
 - Bustadområde nye, B.....30 meter
 - Bustadområde eksisterande, BE..... 15 meter
 - Sentrumsformål eksisterande og nye, Se 3 meter
 - Næring eksisterande og nye, N, A.....3 meter
 - Andre bygg og anlegg, Na.....2 meter
 - Andre arealformål (byggeområde)..... 15 meter
- Nødvendige bygningar, mindre anlegg og opplag innanfor 100-metersbeltet langs sjøen kan tillatast med tanke på landbruk, fiske, fangst og ferdsel til sjøs, jf. Pbl § 11-11 nr. 4 dersom bygning/anlegg vert plassert i tilknytning til eksisterande gardstun. Unntak frå plassering i eksisterande gardstun kan gjerast for tiltak med sjøretta funksjon.
- Tiltak etter pbl § 1-6 1. ledd, med unntak av fasadeendringar, kan ikkje gjerast nærare strandlinja i Store- og Litlevatnet enn 30 meter, jf pbl §§ 1-8 og 11-11 nr. 4.
- Tiltak etter pbl § 1-6 1. ledd, med unntak av fasadeendringar, kan ikkje gjerast nærare elvar og vassdrag enn 20 m frå elvebreidda.
- Med mindre anna følgjer av andre føresegner eller i reguleringsplan, er det ikkje tillate å plassere tiltak nærare sjø eller vassdrag enn byggjegransene fastsett over. Forbodet gjeld

ikkje ved frådeling av bygd del av eigedom. Ved frådeling av ubygd eigedom skal ikkje eigedomsgrensa liggje nærare enn føremålsgrrensa eller byggjegrensa.

2.8 Universell utforming (pbl § 11-9 nr. 5)

- Prinsippet om universell utforming (UU) skal ivaretakast i all planlegging og utbygging i samsvar med krav sett i plan- og bygningslova med forskrifter, i lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne (diskriminerings – og tilgjengelighetsloven) og Flora kommune sin kommunedelplan for universell utforming.
- Område og bygg med publikumsretta formål (servering, overnatting, allmenntilige formål) skal ha universell utforming av alt publikumsretta bruksareal
- Offentlege uterom (gater, plassar, allmenningar og parkar) skal ha universell utforming med vekt på tilgjenge for alle.
- Det skal dokumenterast korleis krav til UU vert oppfylt i all planlegging og søknad om tiltak, opparbeiding av bygg og anlegg, inkludert tilkomst og uteområde.

Retningslinje:

- Der det er moglege konflikter mellom universell utforming og verneverdiar og kulturmiljø må det gjerast ein vurdering i kvart einskild tilfelle.

2.9 Omsyn til barn og unge sine interesser (pbl §§ 1-1, 11-9 nr. 5 og nr. 8)

- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging skal leggjast til grunn for all planlegging og søknad om tiltak. Ved bygging av nye bustadar både i nye og eksisterande bustadområde skal barn og unge sine oppvekstvilkår takast særskild omsyn til, jf. plan- og bygningslova § 1-1.
- Det skal takast spesielt omsyn til snarveggar, gang- og sykkelveggar og gode og varierte aktivitetsområde. Ved eventuell omdisponering av areal som er viktige for barn og unge sine aktivitetar skal det sikrast erstatningsareal med minst tilsvarende tilgang, storleik og kvalitetar, i samsvar med rikspolitiske retningslinjer.
- Areal til bruk for barn og unge skal utformast med god funksjonalitet og areala skal planleggast slik at areala til leik vert prioriterte.
- Detaljregulering skal vise leikeplass som arealføremål i plankartet. Det må gå fram av planføresegner etter § 12-7 nr. 14 om ein leikeplass skal vere offentleg eller felles for fleire eigedomar.

2.10 Krav til leikeareal (pbl § 11-9 nr. 5)

I bustadområde skal det setjast av felles leikeareal og uteopphaldsareal som vist i tabellen under ved utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om tiltak. Delar av arealet kan etter utbyggingsavtale eller privatrettsleg avtale, der kvalitetar vert tilført, leggjast til nærliggjande park, natur- og friluftsområde, men skal ikkje overstige følgjande avstandskrav: småbarnsleik maks 50m, nærleikeplass 150m, større leikeområde maks 300m frå hovudinngang.

MINIMUMSKRAV TIL..	GRUNNLAG PR.	SENTRUMSFUNKSJONAR MED BUSTADER	BUSTADOMRÅDA
..samla uterom	100 m ² BRA til bustadformål.	30 m ²	50 m ²
.. del av samla uterom som skal setjast av til felles bruk når når prosjektet er større enn 400m ² BRA til bustadformål og omfattar minst 4 bustader.	100 m ² BRA til bustadformål.	15 m ²	25 m ²

*Indre sone er: Areala avsett til sentrumsfunksjonar i plankartet.

Krav til areal for felles leik:

- Areal for felles leik skal vere sentralt plassert i høve til flest mogleg bustadar og i høve til grøntdrag i nærleiken.
- Tilkomstvegar mellom bustader og leikeplassar skal vere trafikk sikre og universelt utforma i samsvar med teknisk forskrift kap 8 (TEK 10).
- Leikeareala skal vere eigna for leik og opphald heile året og for ulike aldersgrupper, og vere universelt utforma i samsvar med teknisk forskrift kap 8.
- Areala skal ha solrik plassering og vere skjerma mot sjenerande vind, ureining, støy, sterke elektromagnetiske felt, trafikkfare og anna helsefare.
- Støyområde (areal med ekvivalent støynivå over 55 dB(A), areal sett av til køyreveg, parkering og fareområde kan ikkje reknast som leikeareal.
- Areal avsett til leik skal som hovudregel ikkje vere brattare enn 1:3 og smalare enn 10 meter. Brattare eller smalare areal må ha særskilde kvalitetar, til dømes vere eigna til akebakke.

Retningslinje:

- Det er mogleg å vurdere avstandskriteria i særskilt avtale, dersom det kan dokumenterast at det kan gje gode uteomhusareal.

2.11 Parkering (pbl § 11-9 nr. 5)

- Parkeringsdekning og –løysing skal dokumenterast ved all planlegging og alle søknader om løyve til tiltak etter pbl § 20-1 bokstav a, b, d, e, g, j og l. Alle omsøkte tiltak skal ha parkeringsdekning i samsvar med krava i tabellen under.
- Minst 20 % av biloppstillingsplassane skal vere utforma i tråd med krav til utforming av biloppstillingsplassar for forflyttingshemma i TEK 10.
- Det er krav til opparbeiding av parkering ved nye byggjearbeid og ved ombygging/-bruksendring og påbygging. Det er mogleg å kjøpe og tinglyse rettar til parkering i fellesanlegg i rimeleg nærleik. Krava gjeld parkeringsplassar som skal avsettast på eigen grunn, eller på anna eigedom gjennom reguleringsplan.
- Krav til parkeringsplassar pr. eining (bustader) eller pr. begynt BRA på tomta.

Type verksemd	Eining	Tal p.plassar		Tal sykkel-plassar
A.		Bustad		
		Sentrum	Utanfor sentrum	I heile plan-området
Einebustad	Pr. bustad	1	1,5	3
Rekkehus		1	1,5	2
Blokker		1	1,3	1,5
Hyblar		0	0	1
Omsorgsbustadar		0,5	0,5	0,5
B.		Næringsverksemd*		
		Sentrum	Utanfor sentrum	
Forretning	Pr. 100 m BRA	2	2	3
Kontor	Pr. 100 m BRA	1,5	2	2
Industri og verkstad	Pr. 100 m BRA	1	1	0,5
Lager	Pr. 100 m BRA	0	0,5	0,2
Hotell, gjestgiveri, restaurant	Pr. 100 m BRA	2	2	0,5
C.		Anna verksemd		
		Sentrum	Utanfor sentrum	
Kino, samlingslokale, kyrkje	Pr. 100 m BRA	5	5	2
Småbåthamn	Pr. båt-plass	0,2	0,3	0,3
*Dersom utbyggarar av næringsseigedom får godkjent å nytta felles parkeringsordning, vert parkeringskravet redusert med 25%.				
Sentrum er: Areala avsett til sentrumsfunksjonar i plankartet.				

Felles parkeringsordning – frikjøpsordning

- Kommunen kan godkjenne at det i staden for opparbeiding av parkeringsplassar på eigen grunn eller fellesareal, vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass til kommunen for bygging av felles parkeringsanlegg i medhald av PBL § 28-7. Satsen for frikjøp av parkeringsplassar vert fastlagt i samband med årsbudsjettet.*
- Prisen vert justert i samband med årleg fastsetting av kommunale avgifter og gebyr.

Retningslinje:

- Sykkelparkering skal leggjast til rette nær inngang ved alle publikumsbygg jf. krav til sykkelparkering over. Sykkelparkering bør få plass under tak.

2.12 Klima (pbl § 11-9 nr. 6)

- Ved planlegging av nye byggjeområde og i søknad om tiltak skal det dokumenterast korleis omsyn til klimatiske tilhøve som sol, vind og kaldras blir ivaretekne.
- Planlegging og tiltak skal utførast slik at bygg og anlegg ikkje tek skade av havnivåstigning, høg vasstand og bølgepåverknad/stormflo. Følgjande kotehøgder gjeld som minimumshøgde for konstruksjonar som kan bli påført vasskader:
 - Alle områder innanfor planområdet med unntak av sentrumsføremål: kote + 3,0 Euref
 - Sentrumsføremål: kote +2,5 meter Euref.

Retningslinje:

- I sentrumsområda vil dei etablerte bygga vanskeleg tilpassast nye tiltak med golvhøgde høgare enn kote +2.50 Euref. Ved bygging på denne høgda skal det leggjast vekt på å dokumentere tiltak som evt. kan redusere mogelege framtidige vasskader grunna høg vasstand.

2.13 Estetikk og arkitektur (pbl § 11-9 nr. 6 og 7)

- Det skal planleggjast for ein heilskapleg arkitektur innafor kvart byggjeområde og prinsippet om god arkitektur skal følgjast og dokumenterast i alle plan- og byggjesaker.
- Tiltak skal ha arkitektoniske kvalitetar. Bygningar og anlegg skal vere utforma i samspel med omgjevnadene i karakter og form. Bygningar skal ha ei heilskapleg form og volumoppbygging og fremje gode uterom.
- Tiltak skal utførast i varige og mest moglege miljøvennlege materiale, tilpassa funksjon og omgjevnadene.
- Tiltak etter anna lovverk skal vurderast ut frå same kriteria som andre plan og byggjesaker.
- Nye tiltak skal dokumentere og grunngje tilhøvet mellom tiltaket (byggverk og uterom) og eksisterande tomte- og byggjestrstruktur. Tiltak skal dokumenterast med fasadeoppriss i høve omgjevnadane og ikringliggande bygg og anlegg.
- Tiltak skal sendast regional kulturminnemynde for uttale i høve eldre bygningar som er registrert i Sefrak. Tiltak nærare automatisk freda kulturminner enn 50 meter skal også sendast til slik uttale.

2.14 Kunst i offentlig rom (pbl § 11-9 nr. 6)

- Ved utbyggingsprosjekt som krev reguleringsplan kan det gjennom utbyggingsavtale jf. plan- og bygningslova §§ 17-2 og 17-3 fastsetjast at det skal setjast av eit beløp pr kvm BRA til kunst i offentlig rom, fortrinnsvis plassert i tilknytning til prosjektet. Beløpet vert fastsett årleg i kommunen sitt gebyr og avgiftsregulativ.
- Kommunen kan, gjennom utbyggingsavtalen godkjenne at det i staden for avsetjing av beløp til kunst i offentlig rom knytt til den enkelte planen eller prosjektet, vert imbetalt aktuelt beløp pr. kvm BRA til eit fond for kunst i offentlig rom i Florø.

Retningslinje:

- Offentleg rom blir rekna her som uterom som er opne for alle, er prega av frivillig opphald og nytta i stor grad til rekreasjon.
- Kunst blir rekna som faste eller temporære prosjekt eller installasjonar som stimulerer til ei særleg oppleving.

2.15 Natur, landskap og grønstruktur (pbl § 11-9 nr. 6)

- All planlegging og tiltak skal skje med omsyn til og dokumentasjon av landskaps-, natur- og friluftsiinteresser.
- Biologisk mangfald skal takast vare på med grunnlag i prinsippa i Naturmangfaldslova. Der kunnskap om biologisk mangfald ikkje er tilfredstillande, gjeld føre var-prinsippet. Kommunen kan krevje at tiltakshavar gjennomfører undersøkingar for å forbetre kunnskapsgrunnlaget for vurdering av plan og tiltak.
- Planlegging og tiltak skal underordne seg viktige landskapstrekk. Bygge- og anleggstiltak skal ikkje bryte åsprofilar, landskapssilhuettar og horisontliner. Større offentlege byggverk eller anlegg med særskilt betydning for fellesskapet kan bryte med eksisterande karaktertrekk i landskapet. Forholdet mellom tiltaket og omkringliggende landskap skal dokumenterast og grunnleggjast.
- Naturgjevne og kulturskapt element som fungerer som blikkfang i landskapet (landemerke) skal bevarast og styrkast.
